

## **VEDTEKTER FOR LINDÅS KOMMUNE NÆRMILJØFOND**

### **Om fondet:**

Nærmiljøfondet er etablert som eit tiltak i Lindås sin kommunedelplan for Idrett, aktivitet og friluftsliv. Formålet er å bidra til auka utbygging av nærmiljøanlegg, gjennom tilskot og forskottering av spelemidlar.

Fondet vert forvalta av kommunen si kultureining. Bruk av fondet skal rapporterast til Levekårsutvalet ein gong årleg.

Fondet sin storleik skal vurderast kvart år i samband med rullering av handlingsprogrammet i kommunedelplan for Idrett, aktivitet og friluftsliv.

### **Krav til søkjarar:**

Alle som oppfyller krava til søkjarar i Kulturdepartementet sine føresegner for tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kan søkja midlar frå nærmiljøfondet. Dette omfattar også burettslag og velforeiningar.

### **Krav til søknadar:**

Det kan berre søkast tilskot og forskottering for anlegg som oppfyller krava i kulturdepartementets sine føresegner for tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Det kan berre søkjast tilskot og forskottering for anlegg i tråd med Lindås sin kommunedelpal for Idrett, aktivitet og friluftsliv.

### **Om søknadar, sakshandsaming og utbetaling:**

Søknad skal sendast skriftleg til Lindås kommune si kultureining. Det kan søkjast heile året. Sakshandsamingstid skal vera maksimalt 6 veker.

Det kan maksimalt søkjast om forskottering for kr 300.000 i forventa spelemidlar. I tillegg kan ein søkje tilskot inntil 1/3 av totalsum eller maks kr 25.000. Det kan berre søkjast tilskot ein gong pr prosjekt. Eit lag kan berre søkje tilskot til eit prosjekt pr/år.

Før det kan betalast ut midlar frå fondet, skal det vera inngått skriftleg avtale om bygging og vedlikehald mellom søkjar og Lindås kommune.

Vedtekta trer i kraft frå.....